

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2018	Radøy eldreråd	PS	12.11.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/2534	18/16005

### Kommuneplan for Radøy kommune - temarevisjon - vedtak om 1. gongs høyring og offentlig ettersyn

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Saka gjeld delrevisjon av Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23. Formannskapet er styringsgruppe for planarbeidet.

Planframlegget er ein temarevisjon og vurderingane i planarbeidet er såleis avgrensa til dei tema revisjonen omfattar. Verknaden av temarevisjonen er omtalt i revidert planskildring. Det er også utarbeidd eiga konsekvensutgreiing for dei nye områda for LNF-spreidd bustad eksisterande (LNF-SBE).

Innkome merknader til oppstart er gjennomgått og vurdert i samband med vedtak av planprogram, KS-sak 010/2015. Merknadane som har vore særleg viktig i planarbeidet er også omtalt i arbeidsmøte i styringsgruppa, FS-sak 045/2018. Begge saksframlegga er vedlegg til og del av saksframlegg til 1. gongs høyring og offentlig ettersyn.

Framlegg til revidert kommuneplan vil i samsvar med framdriftsplan verta lagt ut til 1. gongs høyring og offentlig ettersyn. Høyringsperioden er lovfesta til 6 veker, men som følgje av at høyringsperioden vil gå over jul og nyttår vert høyringsperioden utvida. Høyringsfrist vert sett til 15.01.19

Plandokumenta er no i det vesentlege ferdigstilt, i tråd med signal frå styringsgruppa 04.09.18, FS-sak 045/2018.

Det er rådmannen si vurdering at plandokumenta er utarbeidd i samsvar med Plan- og bygningslova, Kart- og planforskrifta og fastsett planprogram (KS-sak 010/2015).

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande høyringsuttale til kommuneplanen for Radøy – temarevisjon:

#### Radøy eldreråd - 020/2018

##### ELD - handsaming:

Arealplanleggar Rolf Raknes orienterte og svara på spørsmål.

Planskildring, plankart og planføresegner er reviderte i kommuneplanen. Det er også gjennomført strandsone-analyse, som er lagt til grunn i temarevisjonen. Det er også lagt inn omsynssone for kulturminne, slik at kulturminne med størst verd får eit vern i kommuneplanen.

Eit viktig grep i kommuneplan-revisjonen er at det no vert opna for tiltak knytt til bustadhus på eigen tomt som no er i LNF (opp til 3 da), tilsvarande praksis som i regulerte område.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg i møtet:

Eldrerådet tar kommuneplan for Radøy - temarevisjon, til orientering.

**ELD - vedtak:**

Kommuneplan for Radøy - temarevisjon, vert teken til orientering.

**Vedlegg:**

Kommuneplan for Radøy kommune - temarevisjon - rådmannen sitt framlegg

Planskildring utkast KPL delrev 2018 (L)(191506)

KP rev føresegner utkast til offentlig ettersyn 261018 (L)(196432)

Plankart \_utkast\_25102018\_Hoppl (L)(196426)

Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy kommune - temarevisjon - arbeid (L)(191023)